

Bra fiske, men lav vassføring.

24.06.2018



Tommy Einarsen og Charlotte Kjellevoll kunne visa fram flott fangst i dag.

Etter at fiskestarten vart utsett til 18.juni på grunn av lita vassføring i elva, har det til no vorte landa nokre fine fiskar. På turen min i dag trefte eg på Tommy Einarsen og Charlotte Kjellevoll frå Austevoll ved brua over til Hauglandsheio. Dei hadde då fått kvar sin laks av flott storleik.

Tommy Einarsen har vore flittig og har fiska i Uskedalselva dei tre siste åra medan det er første gongen Charlotte Kjellevoll er med. Dei har budd på Rabben Camping, og dei har vore ein gjeng på 6 fiskarar som har vore saman. Fire av dei frå Austevoll og to frå Stord. Tommy fortel at han likar seg svært godt i Uskedalselva, og i den samanhengen nemner at han møter svært kjekke folk på turane sine. Charlotte nikkar samtykkjande og gjev uttrykk for at første turen hit verkeleg har gitt meirsmak. Begge skryt over den fantastiske naturen her. På fisketurane bur dei på Rabben Feriesenter noko dei er svært fornøgde med.

Denne gongen har vassføringa i elva vore i lavaste laget, noko andre fiskarar også har gitt uttrykk for, men fin fangst har det altså blitt. Fisken som Tommy Einarsen fekk i dag var på flotte 5 kg medan Charlotte Kjellevoll sin var 2,3 kg. Til gjengjeld kan Charlotte visa til at ho fekk ein laks på 4,3 kg i går medan Tommy då vart utan fangst. Begge dei to hyggelege fiskarane er sikre på at det vert fleire turar til Uskedalselva.

Til saman er det til no rapportert inn 11 fiskar over 4 kg den knappe veka fisket har vore ope. Største fisken til no er ein laks på 6,1 kg som Olav Rykken fekk på floge på Døssland.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland